



Lindås VVS Nils Træland AS  
Postboks 42  
5951 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1530 - 14/18074

Saksbehandlar:  
Kari Elisabeth Io  
KEI@lindas.kommune.no

Dato:  
12.08.2014

## Svar på søknad om tilkoping og utføring av sanitæranlegg - gbnr 196/161 Midtgård

### Delegert sak.

Vi viser til søknad m/vedlagt planteikningar VVS, situasjonsplan og godkjent erklæring, av 10.03.2014.

Adresse byggeplass : Midtgård, 5915 Hjelmås  
Type bygg : Nybygg bustad.  
Type arbeid : Tilkopling til offentlig vatn og avlaup og utføring av sanitæranlegg.

### SØKNADEN ER GODKJENT PÅ FØLGJANDE VILKÅR:

#### Arbeidet skal utførast etter standard abonnementsvilkår for vatn og avløp.

Dersom det må nyttast trykkauking/reduksjonsventil grunna for lågt eller høgt trykk, er det konsulent/ansvarleg søkjar/rørleggjar sitt ansvar å undersøka om det er naudsynt, og utførande rørleggjar/abonntent sitt ansvar å sørgja for og kosta dette. Utforming av anlegg for trykkauke skal beskrivast/teiknast og godkjennast spesielt, før endeleg tilknytning vert utført, jfr. standard abonnementsvilkår.

Vi gjer merksam på at det er krav om 90 cm mellom topp hovedavløpsledning og lavaste sluk i hus.

For vassledning som går gjennom tomt må overdekning vera på min. 1,20 m på 63 mm.

Dersom det ikkje let seg gjera å få nok overdekning på vassledning, må det gjerast kompensierende tiltak.





